



## Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

---



Årsrapport 2013

---



## Føreord

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta i 1980. Den første årsmeldinga for verneområda kom i 1991 og har sidan vore årleg.

I 2011 vart første Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen konstituert, og nytt styre for gjeldande valperiode vart oppnemnd av Miljøverndepartementet. Våren 2012 vart det tilsett to nasjonalparkforvaltarar, ein med kontor i Lom og ein i Luster. Nasjonalparkforvaltarane er sekretariatet for nasjonalparkstyret og står for «den daglege drifta».

Årsmeldinga gjev ei samla framstilling av nasjonalparkstyret sitt arbeid, tiltak og registreringar som er gjort i felt og generelt om bruken av områda og dei naturfaglege tilhøva og forvaltningsmessige utfordringar i Jotunheimen og Utladalen.

*Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen*

Framsida:

Nasjonalparkstyret og SNO samla på Fondsbu i september 2013 (Foto: Kari Sveen)

## Innhald

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen .....	1
Føreord .....	2
1. Verneområda – status .....	4
2. Aktørar i verneområda .....	4
Nasjonalparkstyret .....	4
Nasjonalparkforvaltarar .....	5
Naturopsynet .....	5
Andre sentrale myndigheiter .....	5
Brukarar .....	6
Sentrale dokument .....	6
3. Arbeid nasjonalparkstyret 2013 .....	7
Økonomi .....	8
4. Aktivitet .....	9
Informasjon .....	9
Skjøtsel .....	10
Jotunheimen Vest:.....	10
Jotunheimen Aust: .....	10
Arrangement i verneområdet .....	11
Vidare arbeid .....	11
Revisjon av verneforskrift:.....	11
Besøksstrategi: .....	12
Kartleggingsarbeid:.....	12



## 1. Verneområda – status

Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart oppretta ved Kgl. res. 05.12.1980. Verneforskrifta set dei juridiske rammene for forvaltningsplanen. Forvaltningsplanen trekkjer opp retningslinjene for forvaltning av verneområda, og har delt nasjonalparken i ulike forvaltningssoner: Sone utan tilrettelegging og inngrep, brukszone og sone med spesiell tilrettelegging og inngrep. i ulike soner. Formålet med vernet er retningsgjevande for forvaltninga av områda.

Oppsynsarbeid, skjøtsel, rettleiing og informasjon skal fremje formålet med vernet.

Verneforskriftene for Jotunheimen og Utladalen frå 1980 vart i 2004 tekne opp til revisjon i samband med rullering av den første forvaltningsplanen frå 1998. Dette arbeidet er ikkje fullført, da ein framleis ventar på sluttbehandlinga i Klima- og miljødepartementet.

## 2. Aktørar i verneområda

### Nasjonalparkstyret

Forvaltningsmyndigheita for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde vart overført frå Fylkesmannen til nasjonalparkstyret, ved brev av 04.11.10 frå Miljøverndepartementet. Nasjonalparkstyret består av ein representant frå kvar kommune og fylkeskommune med areal i verneområda. Funksjonsperioden for styret følgjer kommunestyre- og fylkestingsperioden.

Etter kommune- og fylkestingsval hausten 2012 vart nytt nasjonalparkstyre oppnemnd av Miljøverndepartementet i brev datert 17. januar 2012. Styret konstituerte seg i møte 23. mars 2012.

Styret for perioden 2013-16 er:

<i>Rolle</i>	<i>Ordinært medlem</i>	<i>Varamedlem</i>	<i>Reprenterar</i>
<i>leiar</i>	Mai Bakken	Bjarne Eiolf Holø	<i>Lom kommune</i>
<i>nestleiar</i>	Ivar Kvalen	Marit Tennø	<i>Luster kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Iselin Jonassen	Ivar Vistekleiven *	<i>Vågå kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Vidar Eltun	Aud Irene Hamre Rogn	<i>Vang kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Arild Ingar Læg Reid	Marie Helene Hollevik Brandsdal	<i>Årdal kommune</i>
<i>styremedlem</i>	Frida Melvær	Aleksander Heen	<i>Sogn og Fjordane fylkeskommune</i>
<i>styremedlem</i>	Jørand Ødegård Lunde	Tor Jevnheim	<i>Oppland fylkeskommune</i>

\* Ivar Vistekleiven vart oppnemnd som ny vararepresentant frå Vågå kommune i brev av 19.07.2013  
Oppnemninga skjedde som følgje av at tidlegare vararepresentant Iselin Jonassen vart vald til ordførar i Vågå, og gjekk inn som fast medlem i nasjonalparkstyret.

Arkivfunksjonen til nasjonalparkstyret ligg hos Fylkesmannen i Oppland og postadressa er:

*Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen*

*Postboks 987*

*2626 Lillehammer*

*mail: [fmoppost@fylkesmannen.no](mailto:fmoppost@fylkesmannen.no)*

## Nasjonalparkforvaltarar

Sekretariatet består av to forvaltarar, og skal førebu saker for styret, drive informasjon og halde kontakt med brukarar av verneområda.

- Kari Sveen er tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Nasjonalparkinformasjonssenteret ved Norsk Fjellmuseum i Lom. Kari har lang erfaring innan offentleg forvaltning på kommunalt, regionalt og statleg nivå.
- Magnus Snøtun er tilsett som nasjonalparkforvaltar med kontorstad ved Rådhuset i Luster i Gaupne. Magnus kom frå stillinga som nasjonalparkforvaltar i Breheimen og har erfaring frå både privat og offentleg sektor.

Nasjonalparkforvaltarane er tilsett administrativt hos Fylkesmannen i Oppland, men er underlagt nasjonalparkstyret i sitt arbeid. Fylkesmannen har ingen instruksjonsrett i forhold til nasjonalparkforvaltarane sitt arbeidet for nasjonalparkstyret, men kan nytte nasjonalparkforvaltarane til andre arbeidsoppgåver ved behov og i samråd med nasjonalparkstyret.

I 2013 vart dette gjort gjeldande i nokså stor grad, og om lag eit halvt årsverk gjekk til andre arbeidsområde enn Jotunheimen og Utladalen. Dette grunna følgjande oppdrag:

- Kari Sveen vikarierte som nasjonalparkforvaltar i Rondane i perioden 1. april – 1. august, da den faste forvaltaren var ute i permisjon. Ho arbeidde i tillegg ned planoppgåver i ca 2 dagar i veka i perioden januar-mars, som følgje av vakanse i planstilling ved miljøvernavdelinga.
- Magnus Snøtun har opplæring og fagleg rettleiing til andre nasjonalparkforvaltarar når det gjeld nettsider. For Langsua nasjonalpark har han utført ein del utviklingsarbeid knytt til nettsidene og etablering av TurApp. Han har også utført enkelte oppdrag for Breheimen nasjonalparkstyre i samband med permisjon/sjuefråver for forvaltaren der på vestsida.

## Naturoppsynet

Naturoppsynet er den utøvande og kontrollerande delen av forvaltninga av verneområda.

Naturoppsynet kan ikkje drive forvaltning, men skal følgje opp miljølovgivinga og vedtak fatta av nasjonalparkstyret og andre offentlege myndigheiter. I tillegg skal oppsynet informere, rettleie og gjennomføre tiltak og registreringar.

Statens Naturoppsyn (SNO) er organisert som ein del av Miljødirektoratet (Til 01.07.13: Direktoratet for naturforvaltning), med den administrative staben i Trondheim og lokalkontor rundt om i heile landet. Rigmor Solem har sidan 1986 vore sentral i naturoppsynet i Jotunheimen i ulike stillingar. Sidan 1996 har ho vore tilsett i SNO med Jotunheimen og Utladalen som tilsynsområde.

I tillegg består naturoppsynet i Jotunheimen og Utladalen av eit omfattande tenestekjøp.

Tenestekjøp omfattar både tilsyn og utføring av tiltak. SNO har inngått ein sentral avtale med Norges Fjellstyresamband om tenestekjøp over heile landet med lik timesats. For Jotunheimen og Utladalen vart det i 2012 kjøpt tenester av fjellstyra i Lom, Vågå og Vang. I tillegg vart det kjøpt tenester av Luster kommune og einskildpersonar slik at heile verneområdet vart dekkja.

## Andre sentrale myndigheiter

Det er også andre myndigheiter som påverkar både bruk og tilrettelegging av verneområda.

Kommunane Lom, Luster, Vågå, Årdal og Vang har alle areal innanfor verneområdet. Politisk er desse representert med kvart sitt medlem i nasjonalparkstyret. I tillegg har kommunane ansvar for arealforvaltninga og god dialog er særleg viktig for innfallsportane og randsonene til verneområda. Kommunane har myndigheit etter plan- og bygningslova og motorferdsellova. Ofte må brukarar ha løyve både frå verneforskrifta og generelt lovverk (plan- og bygningslova eller motorferdselslova) . Administrativt kontaktutval vart oppretta og hadde sitt første møte i mai 2013. Utvalet skal bidra til best mogleg kommunikasjon mellom administrativt nivå for nasjonalparkstyret og kommunane.

Fylkesmennene hadde forvaltningsmyndigheit for verneforskriftene fram til opprettinga av nasjonalparkstyret. Saker som var starta før nasjonalparkforvaltarane vart tilsett, skal følgjast opp av fylkesmennene. Miljøvernavingane har erfaring og fagkunnskap som nasjonalparkforvaltarane kan nytte i sitt arbeid, og forvaltarane deltek i fagsamlingar der dette er relevant.

I tillegg har fylkesmennene klagerett på vedtak som vert fatta av nasjonalparkstyret.

Fylkeskommunane er representert politisk i nasjonalparkstyret. I tillegg har fylkeskommunen myndigheit etter kulturminnelova og fagkompetanse knytt til kulturminneskjøtsel og restaurering.

## Brukarar

I Jotunheimen og Utladalen finn vi nokre av dei mest kjende og sti- og overnattingsystema i den norske fjellheimen. Kjende turmål som Galdhøpiggen, Besseggen og Vettisfossen dreg årleg tusenvis av besøkande.

I Jotunheimen og Utladalen vart det gjennomført brukarundersøkingar i både 1992, 2002 og 2010. Desse undersøkingane påvisar både utviklinga over tid og behov for tilpassingar. Som det første verneområdet i Noreg, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein besøksstrategi for verneområda.

I tillegg til dei besøkande, inkluderer også brukarane grunneigarar, bedrifter, lag og organisasjonar som bruker verneområda for næring, forskning/kunnskapsformidling og rekreasjon. DNT Oslo og Omegn har omfattande aktivitet knytt til turisthyttene og stinettet. Turisthyttene Glitterheim, Gjendebu og Skogadalsbøen er større bedrifter innan verneområdet, og i tillegg kjem den private turisthytta Memurubu og ei rekkje bedrifter ved innfallsportane og i randsonen. Grunneigar- og bruksinteresser knytt til områda omfattar både beitebruk, jakt og fiske. Tamreinlag i Lom og Vågå, Storådalen beitelag og Utladalen sameige har stor aktivitet innanfor verneområdet. I tillegg har Stiftinga Avdal Gard, Vetti turiststasjon, Stiftinga Utladalen naturhus og ei rekkje grunneigarar ulik grad av aktivitet i verneområdet.

## Sentrale dokument

**Naturmangfaldlova** vart sett i kraft 01.juli 2009, og erstattar Naturvernlova frå 1970. Vedtak fatta etter Naturvernlova er framleis gjeldande, men naturmangfaldlova har sett ein del nye kriteria til saksbehandling (vurdering av miljørettslege prinsipp etter §§ 8-12) og generelle unntaksreglar i verneforskriftene er erstatta av §48 i naturmangfaldlova.

**Verneforskriftene** for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde er av 05.12.1980. I 2004 vart det sendt ut melding om oppstart av revisjonsarbeid for desse forskriftene. Framlegg til nye verneforskrifter var på høyring i 2007, sendt frå fylkesmennene til direktoratet i 2008, og vidare til Miljøverndepartementet i 2010, der dei ventar på sluttbehandlinga.

**Forvaltningsplan** for Jotunheimen og Utladalen vart vedteken i 1998. Parallelt med revisjon av verneforskriftene, har det blitt arbeidd med å revidere forvaltningsplanen. Ny forvaltningsplan kan ikkje bli vedteke før etter at nye forskrifter er vedteke. Forvaltningsplanen gjev ei oppsummering av etablert forvaltningspraksis, og framlegget til forvaltningsplan som var på høyring i 2007 vert brukt som eit retningsgjevande dokument til saksbehandlinga.

I Jotunheimen og Utladalen er det utarbeidd **skjøtselsplan** for to område; Heimre Utladalen og Gjendebu-området. Skjøtselsplanen for Heimre Utladalen vart utarbeidd i 1998, og planen er under revisjon. Den reviderte planen vil omfatte eit større areal som også inkluderer Øvre Utladalen. Skjøtselsplanen for Gjendebu-området vart vedteken i 2004. I 2011 kom ei fagleg evaluering av utviklinga i tiltaksområdet. Planen skal reviderast, med utgangspunkt i framlagt fagrapport.

Som første verneområde i landet, vedtok nasjonalparkstyret i 2012 ein **besøksstrategi**. Målsetjinga med strategien er å bidra til å gje dei besøkande ei betre oppleving, bidra til å auke verdiskapinga og bidra til å ta vare på naturverdiane.

### 3. Arbeid nasjonalparkstyret 2013

Nasjonalparkstyret består av representantar som er geografisk spreidde og med andre politiske verv i tillegg. 4 av medlemmene er ordførarar. Møta har derfor blitt lagt opp litt ulikt avhengig av kva saker som skal behandlast. Møte har blitt arrangert både som samlingar med synfaring og telefonmøte.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen hadde fem møte i 2013, og behandla 42 saker.

1/13	15.02.2013	Telefonmøte
2/13	25.04.2013	Vang delvis telefonmøte pga stengt fjellovergang)
3/13	26.06.2013	Gjendebu
4/13	26.09.2013	Fondsbu
5/13	20.11.2013	Oslo

Arbeidsutvalet hadde seks møte, og behandla 15 saker. Møte i AU har vore telefonmøte eller e-post.

6/13	09.09.2013	Telefonmøte
5/13	26.08.2013	E-postbehandling
4/13	18.04.2013	Luster/e-postbehandling
3/13	14.03.2013	Telefonmøte
2/13	07.03.2013	Luster/e-postbehandling
1/13	05.02.2013	Lom/e-postbehandling

Forvaltarane har i medhald av delegert myndigheit gjort administrative vedtak i 3 saker..

Under er sakene fordelt etter tema.

Type saker	Tal saker i 2013	Tal saker i 2012
Adm./generelle vedtak	21	16 stk.
Vedtak om motorferdsel	22	18 stk.
Vedtak om tilrettelegging (bygg, anlegg, stiar o.l.)	6	8 stk.
Vedtak om arrangement	3	1 stk.
Generelle uttalar	1	2 stk.
Vedtak om plan og planarbeid		3 stk.
Vedtak om økonomi	3	4 stk.
Klagebehandling		1 stk.
Andre tiltak		4 stk.
<b>Sum (Styret 41* og AU 15)</b>	<b>56*</b>	<b>57 stk.</b>

\*1 sak trekt, tiltak likevel ikkje aktuelt

## Økonomi

Kvar haust vert det søkt om tiltaksmidlar for det kommande året i verneområda (bestillingsdialogen).

Tiltaksmidlar for 2013 (bestillingsdialogen)	Tildeling	Sum	Tillegg	Gjennomføring, rekneskap
<b>Skjøtsel</b>				
Skjøtsel Gjendebu	70	30' (+tenestekjøp)	40	Utført, SNO
Slått Gjendebu	30	30'		30.553
Skjøtsel Utladalen	400	350'	50	Utført, SNO
<b>Stiarbeid</b>				
Vedlikehald	100	100'	25	Utført, SNO
Nye tiltak	250	150'	50	Utført, SNO
MONA-prosjekt, restaurering sti, info	50	50'		50.000
Medfinansiering bru Blåtjønnåe			50	50.000
<b>Informasjon/innfallsport</b>				
Standardisering eksisterande	200	0		-
Etablering av naturstiar (to)	300	200'		211.008
Vurdere og planlegge infrastruktur ved innfallsportane	70	0		48010
Rollups til turisthyttene	20	20'		15.969
Tilrettelegging Skåri			45	45.000
<b>Naturvegleiing</b>				
Naturrettleiing	400	150'		Utført, SNO
Informasjonsarbeid Naturhuset	70	30'	40	70.000
NP-festival	20	20'		20.000
Generell informasjon løyving frie midlar		140		140.000
<b>Ekstra oppsyn</b>				
Villrein Jotunheimen Vest	10	(Tenestekjøp)		Utført
<b>Kartleggingsarbeid</b>				
Jaktfalk	20	20'		1.750 + m.avd.
Spetter	30	(Tenestekjøp)		Utført
Apollo-sommerfugl	30	30'		25.373
* Rekneskap eks. midlar forvalta av lokalt SNO	2.070	1.180'	300'	
	<b>Samla</b>	<b>1.480' / 720' + SNO</b>		<b>707.663 + SNO</b>

Drift	Budsjett	Rekneskap
<b>Driftsutgifter Sekretariat – kontorhald, reiser, m.m.</b>	<b>260.000</b>	<b>206.954</b>
<b>Driftsutgifter Styret og utvala</b>		<b>355.055</b>
Reise- og møtegodtgjersle nasjonalparkstyret		
Administrativt kontaktutval		
Reiseutgifter rådgjevande utval		

## Ulovlege tiltak

1 tiltak er meldt til politiet av SNO. To tiltak er rapportert til direktoratet av nasjonalparkstyret.

## Andre utval

- Administrativt kontaktutval, møte på Turtagrø 21. mai
- Fagleg rådgjevande utval, Skjolden 12. september

## 4. Aktivitet

### Informasjon

Naturrettleiingsprosjektet i Jotunheimen starta som eit prøveprosjekt i 2009. Ingvild Øyjordet var tilsett som naturrettleiar i 2013. I 2012 informerte sesongtilsette naturveglegiarar direkte om lag 1600 personar i felt. Systemet med naturrettleiing er sårbart med berre ein sesongtilsett, og ei fast stilling lagt til den mest kjente nasjonalparken i landet, vil sikre fagleg kontinuitet og betre tilbodet.

SNO og nasjonalparkforvaltarane har delteke og informert på mange arrangement, møte, seminar og i felt. Oppsynet og naturrettleiaren har generelt lagt vekt på informasjon og rettleiing til brukarar av verneområda, skuleklassar og studentar. Det er ein eigen årsrapport for SNO.

Oversikt deltaking kurs, konferansar og informasjonsverksemd 2013

Kurs, konferansar

Dato	Tema	Magnus Snøtun	Kari Sveen
14.02	Seminar offentlige anskaffelser - direktoratet	x	x
12.03 og 21.03	Fagdag forvaltarar – informasjonsarbeid m.m.	x	x
09.04.	Praktisk kurs i Artskart, Lillehammer	x	x
18.04.	Konferanse Bruk og vern		x
7.-8. mai	Regional samling NP Oppland/Sogn og Fjordane, Lom	x (8/5)	x
25.-26. juni	Fagtur til Hjerkin, Miljøvernavingdelinga	x	x
27.-29. august	Nasjonal vernefagsamling, Lista	x	x
9.-13. oktober	Europarc-konferanse, Debrechen - Ungarn		x
15.10	Haustsamling nasjonalparkforvaltarane i Oppland	x	x
4.-6. oktober	Nasjonalparksamling, Trondheim	x	x
21.11	Bruk og vern konferanse, Miljødirektoratet - Oslo	x	x

Informasjon, fordrag, deltaking i formelle møte

Dato	Tema	
04.03	Dialogmøte med Breheimsenteret i Luster	MSN
08.03	Presentasjon av nasjonalparkforvaltninga – fredagssamling miljøvernadv. L.hmr.	KSV
8. mai	Regional samling NP Oppland/Sogn og Fjordane, Lom, innlegg om erfaringar	begge
08.06	Informasjonsstand på Lustramarknaden	MSN
21.06	Til Topps 2013 – tur til Galdhøpiggen	KSV
22.06	Jubileum Skogadalsbøen	MSN
24.06	Offisiell opning av Breheimsenteret	MSN
Juni	Innlegg på vertskapskurs for reiselivet, Lom	KSV
30.08	Nord-Gudbrandsdalen vidaregåande skule – guiding temadag nasjonalparker	KSV
24.10.	Lom kommunestyre - Informasjon om ny forvaltningsordning	KSV
06.11	Nasjonalparksamling Trondheim – fagdag forvaltning – erfaringar Besøksstrategi	KSV
08.11	Lom nasjonalparklandsby – guiding og informasjon til gruppe frå Fossheim Hotell	KSV
21.11	Samling autoriserte nasjonalparksenter	MSN

Møte med eksterne partar (utanom styremøte, AU, adm.k.utv., fagleg rådgj., interne arb.møte)

Dato	Tema		Andre
21.01.	Kontaktmøte DNT	MSN, KSV	Lokalt SNO
30.05.	Møte Miljøverndepartementet angående revisjon av verneforskrift	MSN, KSV	Fylkesmennene, representantar frå tidlegare referansegruppe
04.11	Arbeidsmøte referansegruppe Besøksforvaltning, Trondheim	KSV	
11.11	Workshop Snøhetta - nasjonalpark referansegruppe, Oslo	KSV	
12.12	Kontaktmøte DNT	MSN,KSV	Lokalt SNO

## Skjøtsel

Kvart år vert det utført skjøtseltiltak som tilrettelegging, rydding og ettersyn/vedlikehald av tidlegare utførte tilretteleggingstiltak og grenseskilt og informasjonstavler. Ansvarleg utførar er Statens naturoppsyn, og mange av tiltaka vert utført ved tenestekjøp frå fjellstyra og lokale aktørar.

### Jotunheimen Vest:

Stiftinga Utladalen Naturhus koordinerer skjøtsels- og informasjonsarbeidet i Heimre Utladalen. Skjøtselstiltak i Utladalen er som tidlegare vidareført med bakgrunn i gjeldande skjøtselsplan. I tillegg til slått vert ein del av den inngjerda kulturmarka beita av sau og geit. Revidering av skjøtselsplanen starta opp i 2009 med ny kartlegging av det biologiske mangfaldet i kulturlandskapet. Fagleg framlegg til revidert skjøtselsplanen er under arbeid.

I 2013 har det på lik linje som dei siste åra blitt gjort eit stort arbeid med vedlikehald og utbetring av utsette deler av stignettet i verneområda. Steinarbeidet er utført av sherpaene organisert av Geirr Vetti. Dei har også utført noko steinarbeid på murane på steinsetet på Skogadalsbøen og i Avdalen.

### Jotunheimen Aust:

Skjøtsel av den gamle kulturmarka i Gjendebuområdet baserer seg på skjøtselsplanen frå 2001, og med justering i tråd med evaluering av status og tiltak gjennomført av Miljøfagleg Utredning i 2011.

Evalueringa konkluderer med at tiltaka som har vore gjennomført med avstandsregulering av bjørk og rydding av skog/kratt har hatt ein positiv effekt på landskapet og saman med beiting verka positivt på det biologisk mangfaldet. Rapporten tilrår at slåtten vert teke opp att, for å fremje artar som kan gå attende ved for sterkt beitetrykk (marinøklar). Dette er det teke omsyn til i samband med søknad om tiltaksmidlar for 2013 (Bestillingsdialogen), og i 2013 vart det arrangert slåttekurs med rettleiing om naturmangfald. Skjøtselsarbeidet elles er utført av Lom Fjellstyre og Storådalen beitelag.

Forsøket med geit som beitedyr ved Gjendebu vart starta opp i 2009 og er vidareført .

På austsida vart det gjort stiopprustingstiltak fleire stadar

## Arrangement i verneområdet

- Telemarkskirennnet, "Galdhøpiggen" i Visdalen, vart gjennomført med ca. 400 deltakarar
- "Besseggløpet" vart arrangert den 23. juni med ca. 70 deltakarar.
- Motbakkeløpet "Galdhøpiggen Opp" vart arrangert den 30. juni med 58 deltakarar.
- Motbakkeløpet "Fanaråken Opp" den 11. august hadde 550 deltakarar, av dei 220 i konkurranseklassa.
- Nasjonalparkfestivalen Utladalen Naturhus

Oppsynet har ikkje registrert uheldige tilhøve i samband med desse arrangementet.

Like utanfor Jotunheimen nasjonalpark, på Turtagrø, har det dei seinare år vore to arrangement som meir eller mindre brukar nasjonalparken. Det gjeld "High Camp", der overnatting og arrangement om kvelden er lagt til Turtagrø Hotel med dei næraste omgjevnadane. "Fjellfilmfestivalen" har i fleire år vore knytt til Turtagrø, men vart i 2012 flytta til Gjendesheim. Fjellfilmfestivalen vart arrangert 13.-15. september 2013. Ein mindre fjellfilmfestival erstatta tidlegare arrangement på Turtagrø og vart gjennomført 6.-8. september 2013.

## Vidare arbeid

### Revisjon av verneforskrift:

Dette har vore ein omfattande og lang prosess. I 2004 vart oppstartmelding sendt ut (sjå <http://www.nasjonalparkstyre.no/Jotunheimen/Planar/Forvaltningsplan/> for oversikt over prosessen). Etter påtrykk frå styret har departementet teke opp att arbeidet med å slutføre denne revisjonen. Grunna nye retningslinjer og malar, må både forskrift og forvaltningsplan justerast. Prosessen med sluttbehandling vil gje mykje arbeid både for styret og sekretariat.

Oppstartmelding for revisjonsarbeidet vart sendt ut for snart 10 år sidan, den 27. august 2004.

Sentrale datoar knytt til revisjonen:

Oppsummering revisjon:	
Oppstartmelding	27. august 2004
Oversending til fagleg godkjenning hos DN	06. juni 2006
Offentleg høyring	22. august – 31. desember 2007
Oversendt DN	03. juli 2008
Forskrift oversendt MD frå DN	23. juni 2010

Det var eit møte i Miljøverndepartementet 30. mai 2013, der utkastet til verneforskrift vart gjennomgått. Det baserer seg dels på utkastet som har vore på høyring, men Miljødirektoratet har etter oversendinga dit gått gjennom og vurdert behov for oppdatering i tråd med mal for nye verneforskrifter og naturmangfaldlova, som vart vedteken etter at forskriftskasta vart formulerte.

På møtet deltok departementet v/ avdelingsdirektørar og saksbehandlarar, Miljødirektoratet v/ jurist, Fylkesmennene i Oppland og Sogn og Fjordane v/ saksbehandlarane med ansvar for Jotunheimen, nasjonalparkforvaltarane og to representantar frå referansegruppa for revisjonsarbeidet (Anders Fortun frå vestsida og Jon Sjugard frå austsida).

Forskrifta er framleis til vurdering i Miljøverndepartementet, nå Klima- og Miljødepartementet.

Forvaltningsplanen vil også krevje ei oppdatering, i tråd med endringar i forvaltningsordning og endeleg ordlys i forskriftene når dei blir vedtekne. Utkastet til revidert plan blir nytta som retningsgjevande dokument, saman med gjeldande forskrift og gjeldande forvaltningsplan.

Det er sterkt ønskeleg å få framdrift i arbeidet for å få vedteke verneforskriftene og justert forvaltningsplanen i tråd med gjeldande forvaltningsordning.

### **Besøksstrategi:**

Jotunheimen og Utladalen har som første verneområde i landet, vedteke ein besøksstrategi for området. Oppfølging og konkretisering av denne planen er eit viktig arbeid vidare for styret.

### **Kartleggingsarbeid:**

Nye verneområde har ein omfattande prosess med kartlegging og systematisering av verneverdiane i området som er planlagt verna. Jotunheimen og Utladalen er relativt gamle verneområde som ikkje har vore gjennom ein slik systematisk prosess. Samtidig er det eit auka fokus på å sette konkrete målsettingar for utviklinga i verneområda (bestandsmål). Auka fokus på kartleggingsarbeid i åra framover vil vere avgjerande for å få til ei målstyrt forvaltning fram i tid.

